



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Kultur- og idrettsavdelinga og Opplæringsavdelinga



---

# Den kulturelle skolesekken i Hordaland

---



Plan for DKS i vidaregåande skule  
skuleåret 2007 – 2008

# Plan for innføring av DKS i vidaregåande skule i 2007/2008

## Den kulturelle skulesekken i Hordaland

Hordaland fylkeskommune har søkt om statlege midlar for å byrja utvidinga av DKS til å omfatta vidaregåande skular. Det vert naudsynt å førebu prosessen gjennom eit forprosjekt i skuleåret 2007/2008. Målet er i første omgang å implementera kunst- og kulturtilbod på vidaregåande skular der ein opererer med eit breitt utval av faglege program. Gjennomføring av DKS vil vera ein integrert del av arbeidet med vidaregåande opplæring og kulturformidling i Hordaland fylkeskommune. Ein legg opp til ei tett oppfølging og dialog med testskulane.

Med utgangspunkt i erfaringane og evalueringa av forprosjektet, og med basis i eit utvida kartleggingsarbeid som omfattar offentlege og private vidaregåande skular, har ein etablert ein førebels plan for skuleåret 2008/2009. Etter evaluering av forprosjekt vil ein med utgangspunkt i politisk vedtak utvida DKS til å omfatta alle vidaregåande elevar i 2008/2009. Det vert avgjerande å førebu prosessen på ein slik måte at kultur- og skulesektor spelar på lag og at oppleving og kulturell kompetanse er likeverdig del av målsettinga med satsinga.

### 1. Mål med implementeringa

DKS på fylkesnivå (heretter DKS HFK) har vedtatt overordna mål for Den kulturelle skulesekken, slik nedfelt i departementale føringsdokument og slik DKS HFK sjølv har vedtatt (*sjå punkt 4*).

1. å medverka til at elevar i grunnskulen får eit profesjonelt kulturtilbod;
2. å leggje til rette for at elevar i grunnskulen skal få tilgang til, gjera seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
3. å medverka til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
4. å gje born og ungdom oppleving av kunst og styrka deira eiga skaparevne.

Implementeringa av DKS-tilbod i vidaregåande skule føreset ei balansering av ulike perspektiv på kva som legitimerer og kvalifiserer for at DKS skal inn i skulekvardagen. DKS skal ta i vare den demokratiserande intensjonen ved verksemda, slik nedfelt i Stortingsmelding 38: Eitt av dei viktigaste føremåla med DKS, er at alle elevar skal få høve til å utvikla kulturell kompetanse slik at dei kan delta fullverdig i samfunnslivet. Ein viktig føresetnad er felles opplevingar og felles referanseråmer, noko som DKS-tilbod medverkar til gjennom at elevar og lærarar vert engasjerte i DKS-tilbod i skuletida. Samstundes legg DKS HFK vekt på at elevane skal få gode møte med, og opplevingar av, levande kunst- og kultur, og at dette har eigenverdi i seg sjølve.

I arbeidet i vidaregåande skule vert det lagt opp til ei god integrering av tilboda i skulekvardagen gjennom 1) å relatere tilbodet til dei generelle og spesifikke målsettingane i vidaregåande skule, og gjennom at 2) tilhøyrande undervisningsmateriell opnar opp for fordjuping i aktuelle fag. Når opplevingar, som har eigenverdi i seg sjølve, vert gjort til gjenstand for refleksjon og vidare fordjuping i skulekvardagen, skapar ein god grobottn for kulturell kompetanse hjå elevane.

I DKS HFK sine turnétilbod har ein lagt opp til at nær halvparten av turnétilboda inneber såkalla "dialogiske" formidling<sup>1</sup>, til dømes der elevane er med på å undersøkje ein tematikk

---

<sup>1</sup> Det har vore mykje fokusert på kva som vert omtala som spenninga mellom eit skule- og kulturperspektiv på DKS. Det vert hevda at eit kulturperspektiv på DKS fremjar "monologisk formidling" og ei vektlegging av den hierarkiserte kunsten sin relative autonomi. Det vert hevda at eit kulturperspektiv inneber at elevane skal oppdragast til å verte eit godt publikum. På den andre sida er det såkalla skuleperspektivet på DKS omtala som eit ønskje om "dialogisk formidling", der elevane sin medverknad og demokratiseringa av kunst- og kultur står i fokus. Mykje kan seiast om denne dikotomiseringa. Her vert det viktig å understreka at regulære framsyningar (scenekunst,

og/eller skapar noko i lag, og saman med profesjonelle kunstnarar/kulturarbeidarar. Dette gjeld for alle sjantrar. Samstundes føreset DKS scenekunstframsyningar og konsertar, sistnemnde i regi av Fylkeskonsertane, dialogisk medskaping frå eit publikum. I implementeringa av DKS-tilbod i vidaregåande skule vil ein freista å få til ei god balanse mellom tilboda der elevane er engasjerte som publikum og der DKS-tilbod føreset særskilt stor grad av eigenpraksis. Til alle tilbod vert det utvikla pensumrelevant undervisningsmateriell som kan arbeidast vidare med av lærarane og elevane.

### *Organisatoriske mål og strategiar*

I samband med implementeringa av DKS i vidaregåande skule vert det særskilt lagt vekt på eit godt samarbeid mellom kultur- og skulesektor. Dette er sentralt i dei organisatoriske mål og strategiar for DKS-verksemnda i fylket:

- DKS skal realiserast i kryssingspunktet mellom kultur- og skulesektor på alle nivå.
- DKS inneber partnerskap, aktiv medverking og utforming på alle nivå av realiseringa.
- DKS skal vera tufta på demokratiske prinsipp.

Det er allereie oppretta eit internt fylkeskommunalt samarbeid om implementering av DKS i vidaregåande skule, mellom DKS HFK, Fylkesbiblioteket og Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen. DKS HFK har eit samarbeid med universitet og høgskule, mellom anna gjennom "praksisplassar" der elevar ved UiB tar del i DKS-verksemnda, og gjennom høgskulesamarbeidet (KOM-prosjektet) med HIB og Høgskulen Stord/Haugesund. Det er også dialog med fleire vidaregåande skular som har meldt interesse. Vidare er det etablert intensjonsavtalar med ei rekkje røynde kunst- og kulturaktørar om konkrete DKS-tilbod som det kan veljast mellom i forprosjektet.

### *Styrking av Rådet for DKS i Hordaland med ein ny "avdeling for vidaregåande"*

Det vert arbeida med å styrkja det eksisterande "Rådet for DKS i Hordaland" med ein eigen "avdeling for vidaregåande skule". Dette vil skje dersom prøveprosjektet går over i varig ordning og med utgangspunkt i politiske vedtak. Rådet avd. vgs vil mellom anna ha som oppgåve å gje råd om korleis å integrera DKS-arbeidet i vidaregåande skule. Representantane som vert vald inn i Rådet avd. vgs, vil i første omgang sitja for 2 år. Rådet avd. vgs vert samansett av representantar frå 1) DKS HFK, 2) Opplæringsavdelinga, 3) Rektorar/undervisningsinspektørar/lærarar frå diverse vidaregåande skular (med ulike program- og elevgrupper), 4) kunst- og kulturinstitusjonar/aktørar, og 5) høgskuler og universitet.

### *Kunstfagleg og pedagogisk referansegruppe*

I samband med tilførsel av nye arbeidsoppgåver, vil DKS HFK også oppretta ei "kunstfagleg referansegruppe" som skal vera medhjelper i utveljinga og etableringa av DKS-tilbod for skuleåret 2007/2008, og for evaluering av undervisningsopplegg og korresponderande kompetansehevingstiltak. Dette vil vera ei gruppe med høgt kompetente fagfolk som kan gjera konsulentoppdrag etter naudsyn og koma inn i prosessen med å etablere og evaluere DKS-tilbod på ulike tidspunkt.

---

konsertar) føreset medskaping frå eit publikum for å kunne fungera ("kontrakta med publikum"). På den andre sida kan til dømes eit møte med ein profesjonell kunstnar, der målet er dialog, fungera monologisk om ikkje kunstnaren evnar å nå fram til elevane. Det er trong for å nysansera kva som vert portrettert som eit kultur- og skuleperspektiv også med utgangspunkt i føresetnadane om at kulturlivet forfektar autonomi og at skulen demokratiserer kunst- og kultur.

## 2. Føresetnadar for realiseringa av DKS i vidaregåande skule

### *DKS-nettverket som ressurs*

DKS HFK har ei viktig oppgåve som regional samordnar og utviklar av DKS-tilboda til skulelevar i heile fylket. DKS engasjerer og samarbeider med ei rekkje kunst- og kulturaktørar- og institusjonar lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt<sup>2</sup>. Tilfanget av profesjonell og levande kunst og kultur er særskilt stort i kulturbyen Bergen. Her finst kunst- og kulturaktørar med regionalt, nasjonalt og internasjonalt virkefelt. Det vert samarbeida aktivt med kunst- og kulturaktørar og institusjonar både i og utanfor Bergen. Nettverket til DKS gjev særskilt gode høve for ei realisering av DKS i vidaregåande skule.

Vidare har Kultur- og idrettsavdelinga og Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen etablert "Kulturkortet." Målet er at ungdom i alderen 16-19 år skal få kjennskap til eit breitt kulturtilbod. Kortet inneber gratis inngang for vidaregåande elevar på tilboda til dei fleste musea i Hordaland, og redusert pris på ei rekkje andre kunst- og kulturtilbod innan Hordaland fylke. Dette vert også viktig i samband med ei utviding av DKS til alle elevar i vidaregåande skule.

### *Kompetansehevingstiltak for lærarar og kunstnarar/kulturarbeidarar*

DKS HFK satsar mykje på kompetansehevingstiltak, noko som har gått føre seg frå og med skuleåret 2004/2005. Desse tilboda inkluderer mellom anna lærarar i vidaregåande- og grunnskule, kunstnarar og ABM-institusjonar. I skuleåret 2004/2005 lanserte DKS HFK eit visuelt kunstseminar inkludert ei rekkje workshops og føredrag over 4 dagar, der lærarar og kunstnarar frå 23 kommunar deltok. I 2006/2007 har ein følgd opp med eit nytt visuelt kunstseminar, der 15 kunstnarar/kulturskulelærarar produserte DKS-prosjektet "Christensen og dei skapande ramnane", i samarbeid med appropriasjonskunstnar Jan Christensen og kurator Malin Barth.

Vidare inngår DKS HFK i kompetansehevingsprosjektet KOM (v/Norsk kulturskoleråd) i samarbeid med høgskulane, og med 10 kommunar.

I skuleåret 2006/2007 tilbyr DKS HFK 25 heildagskurs for lærarar i 1) fiksjons- og dokumentarfilm som samansett tekst, 2) digitalt videoverkstad, 3) arkeologi i kunst og handverk med utgangspunkt i helleristningar, 4) samtidslitteraturformidling for ungdomsskule og vidaregåande skule. På den eine sida relaterer desse kompetansehevingstiltaka seg til det nye lærarplanverket sine generelle og spesifikke kompetansemål for grunnskule og vidaregåande. På den andre sida er kursa tett knytt opp til konkrete DKS-tilbod i regi av DKS HFK, som turnerer i inneverande og komande skuleår. På denne måten fremjar ein måla om kulturell kompetanse og integrering av DKS-tilbod i skulekvardagen. Kursutviklinga skjer i samarbeid mellom Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune (Opplæringsavdelinga, DKS, Fylkesbiblioteket) og ei rekkje kunst- og kulturaktørar og institusjonar. Dei profesjonelle kurshaldarane har også pedagogisk bakgrunn og brei erfaring

---

<sup>2</sup> På nasjonalt plan samarbeider DKS med Norsk Scenekunstbruk, Norsk Forfattersentrum, Norsk Filminstitutt, Film og Kino, Nasjonalmuseet, Kunst i skolen, Norsk kulturskoleråd, Rikskonsertene/Fylkeskonsertene og Norsk Form. DKS HFK samarbeider aktivt med 18 ABM-institusjonar i Hordaland (mellom anna Bergen museum, Bergen Kunstmuseum, Vestlandske Kunstindustrimuseum og samtlege folkemuseum) om produksjon av og utarbeiding av DKS-tilbod innan visuell kunstformidling og tilbod innan kulturminne og fornminne. DKS HFK vil i skuleåret 2006/2007 engasjere kring 100 lokale og regionale frittstående, profesjonelle kunstnarar. Det vert nytta kunstnarar frå Hordaland som turneieiarar for egne produksjonar, kurshaldarar eller til dømes Nasjonalmuseets produksjonar. DKS samarbeidar med Galleri 3,14, Hordaland Kunstforening og mindre galleri i einssilde kommunar. DKS HFK nyttar *Hordaland Teater og frittstående teatergrupper* sine produksjonar, samt *internasjonale produksjonsselskap*. Gjennom *KOM-prosjektet* vert det opna for tettare samarbeid med *universitet og høgskular* i Hordaland og Rogaland med tanke på kunstfaglege innspel og kompetansehevingstiltak.

med formidling/undervisning på ulike nivå. *For å sjå oversikt over planlagde kompetansehevingstiltak for skuleåret 2007/2008: Sjå generell plan for DKS i Hordaland.*

#### *Nettportal- distribusjonssystem*

Nettportalen [www.dks-hordaland.no](http://www.dks-hordaland.no), som DKS HFK har utvikla og eig sjølv, kan utvidast til å omfatta alle vidaregåande skular i Hordaland. Dette medfører kostnader til personale og utviding.

### **3. Kartlegging av aktuelle vidaregåande skular i Hordaland i samband med forprosjektet**

Dersom ein skal få til ei god implementering av DKS i den mangfaldige vidaregåande skulekvardagen, er det naudsynt å førebu prosessen med å få konkrete erfaringar med korleis å tilrettelegga både med tanke på innhald og den praktiske organiseringa. Implementeringa av DKS i vidaregåande må skje i tett dialog og gjennom diskusjonar med dei aktuelle skulane. Nokre av dei viktige spørsmåla ein søkjer svar på, er: Kva er skulane sine ønskje i samband med implementeringa av DKS? Kva er viktige omsyn og faktorar for å lukkast, sett frå skulen sitt perspektiv? Korleis kan ein få til ein fruktbar balanse mellom eit kultur- og skuleperspektiv på DKS?

#### *Førebuing av testskular i 2007/2008*

Implementeringa av DKS føreset at ein får til ordningar som ikkje vert problematiske i organiseringa av skulekvardagen. Korleis er lærarane og elevane sine tidsressursar og dei romlege tilhøva organiserte i skulekvardagen? Kor fleksibel kan ein vera med eventuelt å gjera endringar i tidsplan? Vidaregåande skule er prega av stramme timeplanar og høge krav på lærarane om å nå kompetansemåla. Det er trong for å kartlegga korleis skulekvardagen er lagt opp relativt til dei ulike programma og frå skule til skule. Vidare føreset implementeringa av DKS-tilbod at ein finn fram til ei god organisering av eit mottakarapparat på skulane, og der dette inkluderer undervisningsinspektørar, kontaktlærarar og potensielt elevar. Det er trong for meir erfaring med dei ulike lokalitetane som skulane rår over. Her trengst eit grundig kartleggingsarbeid for å få integrert DKS-tilboda på ein kvalitativt god måte. Denne prosessen vert initiert saman med eit utval av testskular i april-mai 2007, slik at skulane er budde til å ta imot tilboda i skuleåret 2007/2008. Med utgangspunkt i dei erfaringane ein gjer seg med dei aktuelle skulane, kjem ein til å setta i verk ein større kartleggings- og førebuingssprosess i lag med alle vidaregåande skular våren 2008.

#### *Innhaldet i DKS-tilboda*

Det er eit mål at alle elevar skal få eit likeverdig tilbod frå DKS. I eit førebels utval av konkrete DKS tilboda som vert presenterte under punkt 4, har DKS HFK vektlagt at alle elevar skal få gode opplevingar av levande kunst og kultur. Vidare er det sentralt å få til ei integrasjon av tilboda i skulekvardagen på ein slik måte at dei vert del av prosessen med å nå generelle og spesifikke kompetansemål. Dette kan skje gjennom ein tydeleggjering av relevansen av tilboda relativt til kva ein vil oppnå innan dei ulike vidaregåande programma. Her kan det vera trong for å skreddarsy lærarorienteringar og/eller anna undervisningsmateriell. Vona er at læraren kan nytta opplevingane som springbrett og

motivasjonsfaktor, og at ein legg til rette for at opplevingane kan konverterast til kulturell kompetanse.

I utveljinga av testskular har ein freista å sikra eit representativt utval av ulike program, for på den måten å få eit best mogleg grunnlag for seinare å kunna etablera ein realistisk og velfundert plan som skal omfatta alle vidaregåande elevar.

### *Mangfaldet i vidaregåande skular i Hordaland*

I Hordaland fylke finst 46 offentlege vidaregåande skular, der desse er om lag likt fordelte mellom by og landsbygd. Det vert praktisert fritt skuleval, noko som gjer at einskilde skular har høge inntakskrav. Nokre få vidaregåande skular har utelukkande studieførebuande program eller utelukkande yrkesorienterte program. Nokre skular har satsa særskilt på estetiske program medan andre har som spesialansvar å følgja opp elevar som fell under kriminalomsorga. Tilfanget av elevar som ikkje er av etnisk norsk opphav, er større i byen enn på landsbygda. I alle skular finn ein elevar som har trong for særskilt tilrettelegging av undervisninga, til dømes grunna ulike former for funksjonshemming. Det er trong for ei kartlegging av korleis ein best kan spela på lag med desse føresetnadane og også utfordra dei som del av det demokratiserande føremålet med DKS om ”kulturell kompetanse for alle.”

På den eine sida er dei aktuelle vidaregåande skulane valde ut på ein slik måte at ein sikrar eit mangfald i program. Samstundes har ein freista å velja skular på ein slik måte at ein kan foreta eit komparativt kartleggings- og evalueringsarbeid i samband med implementeringa. Vidare er vona å gje tilbod til elevar med ulik motivasjon for vidaregåande skulegang. På denne måten kan ein forsøksvis freista å identifisera ulike suksessfaktorar for implementeringa av DKS.

1) I forprosjektet har ein vald å leggja vekt på dimensjonen *byskular* versus *landskular*. Dette er mellom anna med utgangspunkt i at føresetnadane for å realisere DKS i vidaregåande i byen er annleis enn testskular og elevgrupper i landlege strøk, der tilfanget av og tilboda frå profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar og aktørar er mykje meir avgrensa. Ein ser føre seg at for byskulane er det nærliggjande at DKS mellom anna gjer avtalar med permanente kunst- og kulturinstitusjonar, medan landskulane føreset turnering av tilbod i regi av DKS HFK.

2) Dei aktuelle byskular og landskular skiltar med eit mangfald av yrkesorienterte program<sup>3</sup> og studieførebuande program. Målet er å få erfaringar med ulike program og elevgrupper. Målet er å identifisera korleis ein best kan leggja til rette for ei god integrering av DKS i den vidaregåande skulekvardagen både praktisk og med tanke på innhald i føre- og etterarbeid.

3) Vidare vert det viktig å få erfaringar med DKS-tilbod i høve til elevgrupper med særskilt trong for tilrettelegging. Ein legg mellom anna vekt på å gje tilbod til vidaregåande elevar med lese- og skrivevanskar, elevar med ulike former for funksjonshemming, og elevgrupper med trong for språkleg og anna tilrettelegging.

---

<sup>3</sup> Bygg og anlegg., Design og handverk, Sølvsmed, skomaker, Elektrofag, Helse og sosialfag, Idrettsfag, Medium og kommunikasjon, Restaurant og maffag.

### *Førebels utval av testskular*

Ein tek utgangspunkt i 2. årstrinn på vidaregåande. Følgjande skular vil få tilbod om å vera med i testordninga:

Stord vgs.....	183 elevar
Odda vgs.....	113 elevar
Bergen katedralskole.....	136 elevar
Langhaugen vgs.....	180 elevar
Årstad vgs.....	508 elevar

## **4. Aktuelle turnétilbod**

Med utgangspunkt i følgjande DKS-tilbod vil Rådet for DKS i vidaregåande gjera eit utval som vert nytta i forprosjektet, og i samarbeid med dei aktuelle vidaregåande skulane. Ein legg opp til to tilbod til elevane. Det er etablert intensjonsavtalar med dei aktuelle formidlarane.

### *1. Møte med filmskapar Øyvind Sandberg og filmen Kabal i hjerter*

Elevane får sjå den prisløna dokumentarfilmen "Kabal i hjerter" (på kino eller storskjerm). Dei får møte Øyvind Sandberg som fortel om korleis det var å følgja hovudpersonane gjennom ei årrekke, og om prosessen med å skapa filmen. Vidare vil Sandberg fortelja om korleis det er å arbeida med dokumentarfilm relativt til fiksjonsfilm, og kva som kjenneteiknar dei to respektive filmtypene og dei virkemiddel som filmskaparar nyttar. Elevane får også sjå kortfilm (fiksjon). Det er utarbeidd to ulike undervisningshefte til tilbodet. Tilbodet er fleksibelt, og ein kan velja mellom a) dobbelttime i klasserom eller b) heildags fokus på film som samansatt tekst for særskilt interesserte elevar.

### *2. Digitalt videoverkstad- Bergen kunstmuseum/Bendik Johnsen og Tonje Li*

Videofilm er noko som elevar har mange referanseråmer til. I dette DKS-tilbodet tar videokunstnarane og formidlarane Bendik Johnsen og Tonje Li elevane med på ei spanande reise i kunstvideoverda. dei får sjå døme frå kunstvideoens historie- frå "Den andalusiske hund" av Buñuel til Hilmar Fredriksens "PP" og "Forget med not" av Trine Lise Nedreaas. Elevane får ei innføring i kunstvideo relativt til meir kommersiell video (som til dømes reklame for Coca Cola og "Thriller"-musikkvideoen til Michael Jackson). Elevane vert engasjerte til dialog om innhaldet i filmane, og dei får ei innføring i ulike omgrep som gjer analyse av filmane mogleg. Som "samansett tekst" i norskundervisninga kan video studerast gjennom å fokusera på "røyndomsplan", stereotyper og symbol, og korleis ulike filmatiske verkemiddel skapar særskilte effektar.

Dette tilbodet er fleksibelt med tanke på tal på deltakarar og kor intenst dei vil fordjupa seg i tilbodet: Ein kan leggja det opp slik at ei større gruppe elevar (60-100) får oppleve at Bendik Johnsen og Tonje Li viser eit utval av videoar og kommenterer desse/gjer ei analyse og inviterer til dialog. Elevane vert introdusert til eit omgrepsapparat av ulik kompleksitet (t.d. avhengig om dette er elevar med særskilt fokus på medium og kommunikasjon, og om dei er lite eller mykje teoretisk orienterte). Dette kan dei nytta til å analysa samansette tekstar i norsk og i andre fag, der video og film vert gjort relevant.

Særskilt motiverte elevgrupper kan få arbeida meir intensivt med *videoskaping* i lag med kunstnarane/formidlarane. Elevane får sjølv filma, redigera, leggja på lyd og ferdigstillast sin eigen video. Tilbodet går over ein heil dag for 30 elevar. Bergen Kunstmuseum stiller video- og datamaskinpark m/redigeringsutstyr og lydspor til rådvelde og turnerer når det er trong for det. Tilbodet går også føre seg i Stenersen, BKM i Bergen by.

### *3. Tidspunkttert v/ Janicke Olsen og FN-sambandet*

Dette er ei visuell kunstutstilling der kunstnar Janicke Olsen presenterer eit utval av skulpturane sine. Desse er laga av metallet frå skytevåpen som er nytta i ulike krigssonar i verda, til dømes Kongo, Sudan, Libanon, Irak og Sri Lanka. Dette vert ein innfallsvinkel til dialog kring a) årsakene til vald og krig, b) kva konfliktane handlar om, c) og om relasjonen mellom skapande kunst og verda. Janicke Olsen og FN-sambandet engasjerer elevane til dialog.

Opplegg: Dobbeltime i klasserom/førebuings- og etterarbeid med lærar i faga norsk, samfunnsfag, etikk.

### *4. Fantasy- eit møte med Tolkien sitt univers v/forfattar Rolf Enger*

Dette er eit fantasy-formidlingsprosjekt med multimodalt tilsnitt. Elevane får møte Tolkien gjennom Hobbitten og Ringenes herre. På førehand skal elevane lesa utdrag frå bøkane. Dei får ein introduksjon til kva som kjenneteiknar denne litterære sjangeren. Vidare får dei sjå korleis litteraturen vert utgangspunkt for filmskaping (dei får sjå nokre scenar frå Lord of the Rings), og korleis fantasy har inspirert biletkunstnarar.

Rolf Enger opnar opp for at elevane sjølve kan skriva fantasyforteljingar og at dei kan få ein vurdering av desse i etterkant. Tilbodet passar for alle elevar, og er særskilt godt egna for elevar med lese- og skrivevanskar, eller som ikkje er blant dei mest bokleg orienterte elevane. Tilbodet strekk seg over ein dobbeltime i klasserom, og i tillegg kjem føre- og etterarbeid med lærar og Rolf Enger, som kommenterar og vurderer elevane sine forteljingar.

### *5. Møte med forfattar og muskar Pedro Carmona-Alvarez*

Pedro Carmona-Alvarez engasjerer elevane i dialog om å leva i ei globalisert samtid. Dette fokuserer han på med utgangspunkt i nokre verk frå kunstutstillinga Chillegrunn. I utstillinga medverkar hordlandskunstnarane Kwestan Jamal Bawan, Pedro Carmona-Alvarez, Trine Lise Nedreaas, Dang Trinh Nguyen, Saman Kamyab og Rhoda Achieng Ondeng. Kunstnarane tematiserer eksistensielle brytningar og kjensle av tilhøyre i ei globalisert verd der menneske i aukande grad, og av mange årsaker, kryssar nasjonalstatlege grenser. Dei uttrykker seg gjennom maleri, poesi, kunstvideo, foto, fotoinstallasjon og musikk.

Den kulturelle skolesekken i Hordaland har produsert utstillinga som del av satsinga på visuell kunst, litteratur og musikk, kombinert med eit ønskje om å løfta fram eit dagsaktuelt tema med relevans for befolkninga i Noreg heime og borte. Kunstnarane har til felles at dei bur i eit anna land enn der dei opphavleg kom frå. Kunstnarane set sjølv ord på korleis, og om, deira eige røynsler pregar deira kunstnarlege uttrykk.

Tittelen chillegrunn byggjer på dei unge sitt eige omgrep 'å chille'; å slappe av, vere hos seg sjølv; kjenne seg heime. Chillegrunn peikar mot grunnen, i tydinga staden, der ein kan chille. På den andre sida vert det stilt spørsmål om 'heime' treng å vera ein stad. Kva skal til for å kunne kjenne seg heime med seg sjølv og med andre? Samstundes gjer chille også assosiasjonar til 'skille'; til å bryta med noko; bryta opp frå noko; skape noko nytt; og til skilnader menneske mellom.

Det er utarbeidd elevhefte der det er intervjuar med kunstnarane, som fortel si spesielle historie og korleis dette eventuelt har prega deira kunstnariske verksemd. Vidare er det utarbeidd ei rekkje oppgåver til fordjuping i til dømes etikk, samfunnsfag, og norsk, og der det er lagt opp til aktiv bruk av Internett.

#### 6. *Struts* av Michael Druker

Regi: Arvid Ones

Med: Øyvind Angeltveit og Trond Høvik

Denne scenekunstframsyninga handlar om tre personar som må ta opp viktige ting i livet når dei møter kvarandre. Det er eit humoristisk stykke som ein kan bli litt klokare av, eit stykke som rettar seg mot ungdom og vaksne. Det handlar om to brør ein stad på landsbygda som driv ein strutsefarm. Dette går ikkje så bra. Dei har ein svært så vaklande økonomi. I tillegg så er dei nok litt for glad i strutsane sine, så det med slakting og slikt er ikkje så lett. Ein dag kjem det ei jente inn i den vesle gardsbutikken. Ho er 16 år og farga. Ho påstår at den eine av brørne er far hennar. Sjokket er stort. Han nektar, men må etterkvart innrømme at det kan vera sant. Hans store kjærleik var faktisk mora til denne jenta. Situasjonen vert ikkje lettare når den andre broren må vedgå at han også kan vera den som er far til jenta. Mellom strutsar og skatteoppkrevjarar må dei alle tre snakke om kvifor alt har vorte så vonlaust, og kva som skjer når ein ikkje står til ansvar for sine handlingar, ikkje tør å ta imot kjærleiken og heller gøymer seg vekk.

Trond Høvik og Øyvind Angeltvedt spelar dei to brørne. Stykket hadde urpremiere i København 23. mars 2006 på Vestvolden Teater. Noregspremieren vert på Ole Bull scene våren 2007. Stykket kan også turnera til Odda og Stord og kan spelast anten på kulturhus eller i gymnastikksal på skulane.

#### 7. *Haikutronics* v/forfattar Truls Horvei og musikal/komponist Roy Ole Førland

Truls Horvei og Roy Ole Førland har produsert og framfører det nyskapande og spanande DKS-tilbodet "Haikutronics", som er ein framsyning der utgangspunktet er haikudikt og elektroniske klangbilete/elektronika som møtast. Her er rom for mykje improvisasjon med utgangspunkt i innspel frå publikum.

Haiku er eit dikt på 17 stavingar fordelte på tre liner med opphav på 1600-talet i Japan. Den store japanske haikumeisteren Matsuo Basho (1644-1694) satt standarden. Forma er konkret, upretensjøs og fangar det flyktige augneblikket. Dikta er henta frå Horvei sin diktsamling "Bortenfor haugen, bak plommetreet" frå 2003. Vidare vil Horvei og Førland nytte seg av Olav H. Hauge sine haiku-liknande dikt i jubileumsåret.

Dette DKS-tilbodet vert delt i to. Ei større gruppe elevar (120) får oppleve framsyninga på ca 45 minuttar. Deretter får utvalde grupper av elevar på til saman maks 30 elevar, høve til å komponera i lag med Førland og skriva haikudikt i lag med Horvei, og i eit dialektisk samspel slik at det heile munnar ut i ein heilskapleg framsyning. Dette vert over 2 dagar. Elevane kan presentera det ferdige verket for medelevar.

#### 8. *Den dagen det regnet* m/Atle Hansen

Forfattaren, tonesetjaren og visesongaren Atle Hansen har sett saman eit program med songar til tekst av kjende forfattarar frå Sunnhordland. Dette er eit musikalsk møte med moderne nynorsk litteratur. Med seg har han to musikarar; gitaristen Roald Kaldestad og ein enno ikkje avklart bassist. I tillegg til sine egne tekstar bruker han tekstar av Ragnar Hovland, Rune

Belsvik, Per Olav Kaldestad, Einar Økland og Solfrid Sivertsen. Dei fleste av melodiane er laga av Atle Hansen, men han bruker også melodiar av Kenneth Sivertsen og Åge Vallestad. Framsyninga varar i 60 minuttar.

9. Vitjing i aktuelle musé og på Vitensenteret. Elevane har gratis inngang, og ABMu-institusjonane vil i ein skilde høve få tilskot til produksjonsutvikling/etablering av undervisningsmateriell.

#### 10. "Kulturell byvitjing"

Vidare vert det vurdert å vidareføra DKS HFK sitt prosjekt "Kulturell byvitjing" for elevane på Stord og Odda vgs. (I skuleåret 2005/2006 realiserte meir enn 1100 grunnskuleelevar frå 21 hordlandskommunar ei byvitjing med kulturelle og kunstnarlege opplevingar som føremål. Skulane fekk tilskot på inntil 10.000 kr og tilbod om tilrettelegging av program og svært rimeleg overnatting (kr 50,- pr elev). Det vert arbeidd med ei vidareføring av prosjektet for vidaregåande elevar.)

#### Førebels liste over kompetansehevingstiltak

I samband med implementeringa av DKS i vidaregåande skule vil ein i første omgang tilby

- a) Vidareføring av filmkurset med Øyvind Sandberg tilrettelagt for vidaregåande skule,
- b) Vidareføring av digitalt videoverkstad for vidaregåande lærarar v/Bergen kunstmuseum/Bendik Johnsen,
- c) Vidareføring av kurs i fantasy i vidaregåande skule v/Rolf Enger.
- d) Vidareføring av visuelt kunstseminar med lærarar og kunstnarar. Lærarar i vidaregåande skule vert inviterte saman med kunstnarar til visuelt kunstseminar hausten 2008.

Desse tre kursa relaterer seg konkret til det nye lærarplanverket si målsetting om å fokusera på samansette tekstar i norskundervisninga, til bortfall av "kanon-tenkjinga" og fokusering på samtidstekstar, og til målsettinga om auka digital kompetanse i vidaregåande skule.

DKS HFK ønskjer også å understreka at mykje av kompetansehevingsgevinsten ligg også i at læraren tek del i DKS-tilbodet saman med elevane.

## 5. Budsjett

### Søknad om statlege midlar:

1. Møte med filmskapar Øyvind Sandberg/Kabal i hjerter.....	75 000 kr
2. Digitalt videoverkstad- Bergen kunstmuseum/Bendik Johnsen og Tonje Li...	100 000 kr
3. Tidspunkttert v/ Janicke Olsen og FN-sambandet.....	90 000 kr
4. Fantasy- eit møte men Tolkien sitt univers v/forfattar Rolf Enger.....	55 000 kr
5. Møte med forfattar og musikar Pedro Carmona Alvarez.....	55 000 kr
6. Struts av Michael Druker /Hordaland Teater .....	100 000 kr
7. Haikutronics v/forfattar Truls Horvei og musikar/komponist Roy Ole Fjørland.....	90 000 kr
8. Den dagen det regnet m/Atle Hansen.....	60 000 kr
9 og 10. Vitjing i aktuelle musé og på Vitensenteret og Kulturell byvitjing.....	60 000 kr

---

**685 000 kr**

### Frå fylkeskommunalt driftsbudsjett

Kompetansehevingstiltak.....	125 000 kr
prosjektlear ½ stilling i 6 mnd .....	125 000 kr
turnélegging 1 ½ mnd .....	55 000 kr
nettverksbygging/nettportal .....	50 000 kr

---

**355 000 kr**